

Eit godt og variert tilbod til alle.

29.06.2018



Art design, leia av Hans Magnus Sæle Kårstad og Maria Larsen, var ein av dei mange populære aktivitetane under FestidaGen.

At Festidalen er eit godt tilbod til alle, vert skikkeleg understreka når ein besøker alle dei gode FestidaGen-aktivitetane. Meir enn 100 barn og ungdommar deltar i år på FestidaGen, og mange deltar på fleire aktivitetar. Resultatet er at det kryr av blide og fornøgde deltakarar i dei flotte FestidaGen t-skjortene.



Tre av medlemmene i leiargruppa, Edel K. Lægland(t.v.), Hanna Haugan Solheim og Hege Lekva.

Då eg var nedom skulen i middagstida torsdag, var det stor aktivitet. Det kom stadig nye born som registrerte seg hos Hege Lekva, Hanna Haugan Solheim, Gina Ness Valvatna og Edel Karin Lægland i FestidaGen-gruppa

som administrerte det medan femtepersonen i gruppa Beate Røssland gjorde seg klar med symaskinane til å leia deltakarane i Redesign saman med Kristine R. Sjo og Elisabeth Røssland.

Eg tok ein liten prat med ein av dei unge deltakarane, Eirik Arnevik frå Halsnøy. Han kunne fornøgd fortelja at han hadde hatt ein kjekk start på dagen med Sjakk i dalen leia av Torstein Monsen saman med 11 andre unge sjakkspelarar. Han gjekk og gledde seg til å vera med på ei av to grupper i Nysirkus med Pilar frå Oslo. Dei skulle ha to grupper i tre dagar før dei skal ha oppvisning på FestidaGen-showet laurdag. Medan Eirik og dei andre deltakarane venta, skulle Pilar gjera seg ferdige med Mini-Nysirkus for dei aller yngste.

FestidaGen-aktivitetane tjuvstarta onsdag med Pimp my bike leia av Gina Ness Valvatna og Edel Karin Lægland. Med stor iver lakka og pynta 13 deltakarar sykklar som no pyntar opp ulike plasser i festivalbygda. I Børsdalen var 12 unge klatrarar i aksjon instruert av Chris Fossli og allsidige Solveig Haugland. Sistnemnde steppa inn ved forfall.

Ein annan ung uskedeling som steppa inn på kort varsel var Hans Magnus S. Kårstad. Grunna sjukdomsforfall steppa han og Maria Larsen inn dagen før for å ha gruppa Art design der 15 ivrige teiknarar skapte alle mulege slags typar av teikneseriefigurar. På kjøkkenet i Helgheim fekk unge deltakarar lære kokkekunster av Anders Totland i Restauranten. Med liv og lyst trylla dei fram denne menyen: Potetbrød med ost. Skvallerkålpesto. Tomatmarmelade med chorizo. Aioli. Bakte tomater. Båtpoteter. Bakte raudbetar med brie. Biffsalat. Sure bondepiker.

Utover torsdagen og fredag vert det stadig meir aktivitet før FestidaGen vert avslutta med skikkeleg show i Aktivitetshuset laurdag føremiddag. Dessverre har vi berre bilde frå eit utval av dei kjekke aktivitetane.

Det er tydeleg at den yngre garde set stor pris på Festidalen. I tillegg er vi vitne til at mange mindreårige ungdommar har stor glede av å delta i dugnaden på Dønhaug saman med dei som er litt og mykje eldre.



Klatrekurs. Chris Fossli forklarar.



Ivrigt unge tilhørere når Solveig Haugland forklarer.



Så er klatringa i gang.



Nytt kreativt og populært tilbud, Pimp my bike.



Med iver vert syklane styla opp og dekorert.



Vegen ned til skulen er ein av plassene syklane no pyntar opp.



Dei yngste fekk prøva seg litt på Mini Nysirkus. Her samla til oppstart.



Denne gjengen deltok på Festrestauranten med Anders Totland som lærar.



Full aktivitet på kjøkkenet.



Sigi og Karoline klar til servering.



Får de vatn i munnen?? Delikat!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Stig Framnes, Gina Ness Valvatna, Hanna Haugan Solheim, Edel Karin Lægland og Thor Inge Døssland.